

VIDAR SKJELANGER REKNES
MODALEN 324
5729 MODALEN

Dato	26.07.2022
Vår referanse	2022/67661-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Hans Sveindal Rosfjord
E-post	Hans.Rosfjord@vlfk.no
Telefon	97577743

Svar - dispensasjon frå byggegrense - ny bygning - fv. 5412 - gnr. 76 bnr. 23 - Modalen kommune

Vi viser til søknad av 29.06.2022.

Saka gjeld

Søknad om dispensasjon frå byggegrense for tiltak på gnr. 76 bnr. 23 i Modalen kommune. Formålet er å oppføre ein garasje.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5412 for å oppføre ein garasje på gnr. 76 bnr. 23 i Modalen kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 26.06.2022.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5412 skal vera minst 13 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga ligg nær fylkesveg 5412.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fylkesveg 5412 har årsdøgntrafikk på 400 køyretøy og fartsgrense 60 km/t på staden. Fv. 5412 har i gjeldande rammeplan for avkøyrslar og byggjeregrenser haldningsklasse *lite streng*. Garasjen vil bli plassert i om lag same avstand til fylkesvegen som på kringliggane eigendomar.

På bakgrunn av dette gir me difor dispensasjon frå byggegrense på vilkår.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kathrine Njåstad Blaaflat
seniorrådgjevar
INV - Forvaltning Vestland

Hans Sveindal Rosfjord
spesialkonsulent
INV - Forvaltning Vestland

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 **Situasjonsplan 76-23.pdf**

Kopi til:

MODALEN KOMMUNE

Postboks 44